



**Uskedalen har no fått sitt tuttetre. Vi skjønner godt dersom nokre av lesarane lurar på kva dette er. Det er**

**eit tre som barna kan henga tuttane sine på når dei er blitt så store at dei ikkje vil bruka dei lenger. Tuttetreet er plassert utanfor gamleskulen.**

Korleis tuttetreet er blitt valt ut, veit vi ikkje, men det er heilt sikkert einkvan som er glad i barn som har sytt for at Uskedalsbarna har fått sitt tuttetre. Sidan det har kome no i førjulstida, kan det kanskje vera sjølvaste julenissen? Den snille Ulvanåsnissen? Ikkje veit eg, men treet vil sikkert hjelpa til å gjera det lettare for barna å slutte med tutt. Dessutan vert det ganske så fint etter kvart som det vert pynta med fleire fargerike tuttar.

Dette er ikkje noko spesielt Uskedals-fenomen. Uskedalen.no kjenner til at det er kome fleire tuttetre i Sunnhordlandsregionen. Tuttetreet ved gamleskulen kan verta vår lokale variant av Kaptein Sabeltann si tuttekiste.

Av: Thor Inge Døssland

